



Veronica Thorsen orienterte

**Rundt rekna 50 foreldrar fekk i kveld nyttig orientering om nettvett og rus under eit godt møte i Aktivitetshuset. Utekontakt Ove Tvedt og SLT-koordinator Veronica Thorsen ga ikkje minst dei fram møtte noko å tenkje på med omsyn til deira viktige rolle i førebyggjing. Uskedalen er først ute i ein serie av slike informasjonsmøter som skal fylgjast opp i klassane. Det blir nettvett i klasse 5,6 og 7.**



[Ove Tvedt orienterte](#)

Om dette temaet hadde Veronica Thorsen også filmklypp som handla om trygg nettbruk. Du må passa på kva du legg ut på nettet og alltid å vera klår over at du aldri veit kven som ser deg. Det er grunn til å åtvara mot ukjende

nettvenner. Andre gode nettvett-råd er til dømes å ha kontroll på utgiftene, ha kontakt med andre foreldrar og læra dei unge om digital mobbing.

Thorsen hadde også ei opplisting av sider som dei unge ofte vitjar og som foreldra bør innom og sjekka frå tid til annan. Det kan til dømes vera facebook, twitter, instagram, kik, skype, deiligst.no, viber, chatrouetteog youtube.com. Thorsen gjekk også inn på spel som dei unge gjerne blir hekta på og la i det heiletatt for dagen grundige kunnskapar omnettvett.

Ove Tvedt streka under at foreldra har mykje å bety med omsyn til alkoholbruk og det er viktig å ikkje gje dei unge alkohol. Men ein skal også hugse på at dei set pris på klåre grenser.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen